

Tilsyn med tenester lagde til NAV-kontoret

Dei første NAV-kontora blei oppretta som NAV-pilotprosjekt i 2006. I Telemark fekk pilotkontoret alt arbeidet ved det tidlegare sosialkontoret, også hovuddelen av arbeidet med rusmisbrukarar. Fylkesmannen ønskte å føre tilsyn med den kommunale delen av NAV-pilotprosjektet for å sjå om kommunen sikra at samordninga av tenestene til rusmisbrukarar blei gjort i tråd med lovverket.

Funn ved tilsynet viste at det var store problem knytte til samordning av tenestene som var lagde til NAV-kontoret, og mellom dei andre kommunale tenestene etter kapittel 4 i sosialtenestelova, som praktisk bistand og opplæring, støttekontakt og plass i institusjon. Kommunen blei beden om å rette opp manglane som blei påpeikte, og Fylkesmannen kjem til å følge opp kommunen tett til dette er gjort. Ein representant frå NAV-fylke var til stades som observatør under tilsynet og har brukt denne erfaringa når det er oppretta nye NAV-kontor. Viktige funn frå tilsynet er også tekne med under planlegginga av ei lokalt utvikla opplærings- og bli kjend-pakke som blir tilbydd NAV-kontora før oppstart.

Fylkesmannen har brukt erfaringa frå dette tilsynet ved seinare kontakt med både sosialeiarar og dei

nye NAV-leiarane. Vi har også sett på kor viktig det er å sjå den kontakten Fylkesmannen har med rusfeltet og med psykiatrifeltet i kommunane i samanheng. Fylkesmannen fann at kunnskapen om bruk av internkontroll var liten hos dei som var ansvarlege for rusarbeidet i den aktuelle kommunen, noko som også gjeld for fleire av kommunane i fylket. Fylkesmannen inviterte derfor til eit arbeidsseminar om å sikre tenestene til rusmiddelbrukarar. Tilbakemeldingar frå seminaret har vore positive.

Føremålet vårt med å bruke erfaringar frå tilsynet også overfor andre kontor er å hindre at liknande problem oppstår når det skal opprettast nye NAV-kontor. Vi ønskjer også å gi dei andre kommunane ei oppfrisking i lovverket.

Fylkesmannen i Telemark.